


HERØY
kommune

Herøy kommune 2030

Kommuneplanen sin samfunnsdel



EI BÅTLENGD FØRE

Politisk handsaming:

Gjennomgang av grunnlaget i sektorvise leiarmøter - hausten 2021

Orientering revidert framlegg:

<i>Maritimt og teknisk utval</i>	<i>27.09.2021</i>	
<i>Utval for næring, kultur og idrett</i>	<i>28.09.2021</i>	
<i>Utval for helse og omsorg</i>	<i>29.09.2021</i>	
<i>Oppvekstutvalet</i>	<i>29.09.2021</i>	
<i>Eldrerådet</i>	<i>01.11.2021</i>	
<i>Ungdomsrådet</i>	<i>01.11.2021</i>	
<i>Råd for menneske med nedsett funksjonsevne</i>		<i>01.11.2021</i>

Offentleg høyring *24.09 - 05.11.2021*

Kommunedirektøren si leiargruppe *06.12.2021*
- revidert utkast i nytt format *11.01.2022*

K- 36/22 Vedtak:

Kommunestyret vedtek framlegg til revidert kommuneplan sin samfunnsdel 2030.

Samfunnsdelen vert følgt opp gjennom tiltak og prioriteringar i handlings- og økonomiplan.

Innhold

INNLEIING

KOMMUNEPLANEN SITT FØREMÅL	7
Arbeidet med planen	7
2011-2013	7
Revisjon av kommuneplanen 2021-2030	8
Ytre krefter som påvirkar Herøy	9
Nasjonale forventningar til kommunal planlegging	10
”Herøy – ei båtlengd føre”	10
Herøy kommune sitt mandat	11
Mål for Herøy kommune	12
Styringsprinsipp for kommunen	13
TRE GJENNOMGÅANDE PERSPEKTIV	14
Livsmeistring	15
Likestilling	15
Berekraft	15
FIRE SENTRALE SATSINGSOMRÅDE	16
Heilskapleg utvikling	17
Heile Herøy	
Verdiskaping	
Godt liv, heile livet	
Naturgjevne fortrinn	
Tryggleik og beredskap	
Inkluderande lokalsamfunn	21
Bu	
Inkludering	
Oppvekst og identitet	23
Identitetsgrunnlaget	
Oppvekst	
Identitet	
Infrastruktur	25
Samferdsel	
VAR	
Vegen vidare, frå tekst til handling	27





Innleiing

Ei lett omskriving og fornsking av eit av sitata til Catherine Booth seier at dersom vi skal forbetre framtida må vi forstyrre notida.

Kjenneteikna på å lukkast som kommune er at vi er ein aktiv samfunnsutviklar, har evna til å knyte saman ulike sektorar og har eit heilskapleg og langsiktig grep på arbeidet. Ein føresetnad for dette er at kommuneplanen sin samfunnsdel er eit reelt styringsverktøy.

I den nye kommunelova vart det lagt sterkare vekt på ei langsiktig økonomisk handlefridom, der finansielle måltal er eit av verktøya. Økonomiplanen skal vise korleis kommunale planar



skal følgast opp, og økonomiplanen skal inngå i kommunen sin handlingsplan etter plan- og bygningslova.

Derfor er det grunnleggande at dette dokumentet synleggjer den raude tråden som skal følge alle dei strategiske vala vi gjer, frå dei langsiktige prioriteringane og til dei ytste ledd i tenesteproduksjonen.

Derfor må vi i tida som kjem utfordre etablerte vanar og tankar om korleis kommunen skal løyse samfunnsoppdraget når samfunnsutfordringane har vorte meir komplekse, og det vert stilt auka krav til kommunane både som tenesteleverandør og som utviklingsaktør.

Vi har drifta i pandemi, har ei klimakrise hengande over oss, utanforskap er ei aukande utfordring, vi blir fleire eldre og må omstille oss raskare. Vi skal planlegge og utvikle lokalsamfunnet Herøy utifrå lokale behov og ta vare på demokratiske funksjonar. Det vil krevje nye løysingar. Stortingsmeldinga «En innovativ offentlig sektor (2019–2020)» peikar på samskaping som ein viktig metode for å skape tenester for morgondagen.

Utviklinga vil skje utifrå dei lokale føresetnadane. Dei lokale ressursane kan ha ei enorm drivkraft – om vi i fellesskap dreg i same retning. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal sette ei retning, gjennom handlings- og økonomiplanen skal vi røyse segla og sette fart. Herøy kommune skal vere ei attraktiv kommune å besøke, bu og arbeide i. Både no og i framtida.



Kommuneplanen sitt føremål

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt øvste leiande dokument og skal ta føre seg dei langsiktige målsettingane for kommunen og samfunnet. Kommunen pliktar, jf. plan- og bygningslova § 11, å ha ein samla kommuneplan som skal ta vare på både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Kommuneplanen sin samfunnsdel tek føre seg dei langsiktige målsettingane, politikarane sine utvalde satsingsområde for utvikling av lokalsamfunnet og bruker gjennomgåande perspektiv for å sikre at nokre utvalde tema er gjennomgåande i den kommunale verksemda. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det peika ut tre gjennomgåande perspektiv og fire satsingsområde som kommunen ynskjer skal prioriterast i planperioden.

Arbeidet med planen 2011-2013

I forarbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel var det gjennomført eit "foresightprosjekt" (framtidanalyse) der kommunen engasjerte Berrefjord & Thomassen som prosessleiar og ansvarleg for utarbeiding av grunnlagsdokument for arbeidet. Det vart gjennomført tre "dialogmøte" der medverknad stod sentralt. Det vart sendt ut eigen invitasjon til kommunestyremedlemene, alle råd og utval, grendelag, næringsliv og det vart annonsert på internett og i avisa. Resultatet av "foresightprosjektet" er rapporten Herøy 2025 som viser potensialet for Herøysamfunnet i 2025 med deltakarane sine forslag til målsettingar og tiltak.

Rapporten Herøy 2025 var gjenstand for diskusjon i kommunestyret 07.05.2012 der politikara-

ne og næringslivet vart utfordra på innhaldet i rapporten og fekk oppgåver knytt til å konkretisere og prioritere det dei meinte var dei viktigaste satsingsområda. Det same vart gjort i rådmannen si leiargruppe 12.6.2012 der leiarane hadde førebudd seg på innhaldet og tok ein diskusjon knytt opp mot innhaldet i rapporten. Leiarane fekk høve til å kome med skriftlege innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel i etterkant av leiarmøtet. Basert på dokumenta Herøy 2025, innspel frå kommunestyret 07.05 og innspel frå leiargruppa 12.06 har ein utarbeidd forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Med dette som bakgrunn vart fem satsingsområde: (1) heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling, (2) infrastruktur, (3) kompetanse og næringsutvikling, (4) rekruttering busetting og inkludering og (5) barn, unge og identitetsbygging. Det vart også plukka ut seks gjennomgåande perspektiv, (1) universell utforming, (2) folkehelse, (3) barn og unge, (4) likestilling, (5) verdiskaping og (6) miljø og klima som skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.

Revisjon av kommuneplanen 2021-2030

I planstrategi for 2019-2024 var det lagt inn revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i 2021, og det vart difor teke ein gjennomgang av dokumentet med det føremålet å oppdatere eit planverk som gir heilskap og eit godt grunnlag for å imøtekomme nye krav i kommunelova med tanke på samanheng mellom samfunnsdelen og økonomiplanen. Også nytt fokus på implementering av berekraft og klima i plan og budsjettering har vore eit bakteppe for revisjonen. Innleiingsvis vart det i kommunedirektøren si leiargruppe 10.08.21 teke stilling til dei gjen-

nomgåande perspektiva og satsingsområda – korleis effektivisere strukturen for ei forenkling av dokumentet.

Mange omgrep, perspektiv, satsingsområde og verdiord gjer det utfordrande å skape heilskap og finne den raude tråden i kommunen sitt plansystem og i styringsdokument. Det er difor ynskjeleg å effektivisere denne strukturen. Dei seks tidlegare gjennomgåande perspektiva vart vurdert til å bli oppsummert gjennom reviderte satsingsområde og nye, meir oppdaterte omgrep som kommunen møter på ulike faglege arena.

- Universell utforming er eit så pass etablert omgrep og tydeleg krav i plansamanheng at dette vart prioritert vekk i dei gjennomgåande perspektiva som skal gjelde særleg for Herøy kommune.
- Folkehelse blir erstatta med livsmeistring – eit meir omfangsrikt omgrep som ein møter særleg i utdanningsløpet og innan helsesektoren. Det er eit omgrep som danner grunnlag for å kunne leve det livet ein ynskjer å leve basert på den einskilde sine føresetnadar. Livsmeistring gjev grunnlag for å kunne vere sjølvstendig så lenge som mogleg
- Barn og unge-perspektivet er sentralt i satsingsområdet for oppvekst og identitet.
- Likestilling vert vidareført i revidert samfunnsdel, der likestillingsomgrepet vert oppdatert og utvida til eit breiare omgrep. Likestilling handlar ikkje berre om kjønn, men også om like føresetnadar for inkludering av alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, etnisitet, religion, seksuell orientering, alder, kjønnsuttrykk, sosial bakgrunn og andre forhold.
- Verdiskaping er fanga opp både gjennom satsingsområdet heilskapleg utvikling og gjennom kommunen sitt slagord.

- Miljø og klima som «perspektiv» vert vektlagt særleg gjennom ny klimaplan, og kan i større grad takast omsyn til gjennom omgrepet berekraft og ei implementering av FN sine berekraftsmål i den kommunale planlegginga.

Under arbeid med revisjon av plandokumentet vart det vurdert som naudsynt å legge grunnlaget for åra fram til 2030. Ved utarbeiding av planstrategi for perioden 2024-2028 bør ein vurdere å kombinere planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel for ei meir heilskapleg oppdatering av kommunen sine plan- og styringsdokument.

Ytre krefter som påverkar Herøy

Herøy og dei andre kommunane på Søre Sunnmøre står overfor utfordringar knytt til sterke samfunnskrefter som står utanfor lokalsamfunnet sin kontroll. Desse drivkreftene utviklar seg og vil halde fram å utvikle seg i distriktskommunane sin disfavour.

- Lite tilgang til kompetent arbeidskraft innanfor barnehage, skule, tekniske fag, helse og eldreomsorg.
- Fram mot 2040 vil det verte nesten dobbelt så mange personar over 67 år i Noreg og færre i arbeidsfør alder som skal finansiere velferdstilbodet.
- Sentraliseringsprosessar der storbyregionane trekker til seg ein stor del av unge, høgt utdanna personar.
- Den særnorske kostnadsutviklinga som pressar konkurranseutsette næringar.
- Det er utfordrande å finne tilsette med rett utdanning og erfaring innan statlege institusjonar, der krav til spesialisering, teknologiutvikling og konkurransen om dei toppkvalifiserte trekker til seg spesialisthelsetenester, høgskule- og universitetstenester til dei store institusjonane i dei store

befolkningssentera.

- Utfordrande kommunal berekraft ved auka ansvars- og risikooverføring til kommunane, samt fleire rettighetsstyrte tenester.

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging

Med innføring av plan- og bygningslov av 2008 kom kravet om at regjeringa kvart fjerde år skal utarbeide eit dokument med nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga. I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 vert det lagt vekt på at vi står ovanfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offansiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning.
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn.
- Å skape eit trygt samfunn for alle.

Som ein ser av innhaldet i forventningsdokumentet frå regjeringa er dei tema som er nemnt i stor grad samanfallande med det som

kommunen har lagt til grunn i sin samfunnsdel. Kommunen tek i dette dokumentet ikkje stilling til alle «forventningane» til regjeringa, men som ein les ut av samfunnsdelen er fleire av elementa som er påpeika i nasjonale forventningar også ein del av kommunen sine vurderingar og satsingar, men flytta til eit lokalt nivå. Som døme kan ein nemne regjeringa si satsing innan by- og tettstadsutvikling med at ein skal «fortette i sentrum og langs kollektivknytepunkt». Kommunen tek denne forventninga og satsar på at busetting skal etablerast i størst mogleg grad i tilknytning til reisemønsteret i kommunen.

Mange av forventningane frå regjeringa til kommunen er såpass spissa at dei må få si avklaring i eigne kommunedelplanar eller temaplanar. Som døme på dette kan det nemnast at regjeringa innan temaet klima og energi forventar at kommunane tek omsyn til klimautfordringar og norsk energiomleggingspolitikk. Det skal leggest til rette for redusert energibruk og klimagassutslepp, energieffektivisering, utbygging av fornybar energi og tilpassing til klimaendringane.



Herøy kommune sin planstrategi 2019 - 2023 tek for seg nasjonale og regionale forventningar, utviklingstrekk og viktige utfordringar for Herøy kommune for:

- demografi
- næringsliv og kompetanse
- areal, miljø og klima
- levekår og folkehelse
- kommunale tenester



EI BÅTLENGD FØRE

"Herøy – ei båtlengd føre"

Herøy kommune sin visjon tek utgangspunkt i båten. Båten er motivet i kommunevåpenet og det er sagt at konkurransen mellom reiarane i kommunen er det som har drive utviklinga framover. Det å vere "ei båtlengd føre", har gjort at næringslivet på enkelte område er leiande på den internasjonale marknaden. Visjonen gjeld for organisasjonen og kommunen som heilskap.

Gjennom visjonen skal vi vere offensive, vere forankra i det marine og maritime – der historie og framtid vert knytt saman og skaper ein identitet som styrkjer felleskjensla og manar til å skape noko nytt.



Herøy kommune sitt mandat

Herøy kommune skal vere ei attraktiv kommune å besøke, bu og arbeide i.

Gjennom dette mandatet søker vi å vere attraktive for turistar, busetting og tilby attraktive arbeidsplassar. Mandatet oppsummerer arbeidet som vert lagt ned innan omdømearbeid, organisasjonsutvikling, tenesteutvikling og utvikling av lokalsamfunnet.

Dette kan ikkje kommuneorganisasjonen greie på eiga hand, men det skjer i samarbeid med næringslivet, offentlege styresmakter, forskning og utdanning og frivillige organisasjonar. Kommunen ynskjer å leggje til rette for tverrfagleg samarbeid både i kommuneorganisasjonen og ut mot næringslivet, FoU, lag og organisasjonar.

Herøy kommune er ein tenesteleverandør i lokalsamfunnet som leverer dei tenestene som alle innbyggjarane i kommunen på eit eller anna tidspunkt i livsløpet vil ha behov for. I planperioden vidarefører vi dei overordna målsettingane for kommuneorganisasjonen og samfunnet som var utarbeidd i førre kommunepplan. Gjennom desse overordna målsettingane skal kommunen sikre eit godt omdøme.

MÅL FOR HERØY KOMMUNE

KVA

KORLEIS

Trivsel

- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv skal vere tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar og tenesteytar.
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.
- Kommunen vil arbeide for å realisere tiltak som skaper sosiale møtestadar og aktivitet i sentrum etter at butikkane er stengde.
- Eit sterkt og aktivt sentrum vil vere med på å skape samfunnsutvikling, vil kunne skape sterke bygder og vere kjerna i samfunnsutviklinga.

Miljø

- Ei utvikling som ikkje belastar miljøet, med omsyn til dagens behov og grunnlaget for framtidige generasjonar.
- Herøy er i sterk utvikling og med utvikling kjem ei påkjenning på miljø. Med slik utvikling er det viktig at det skjer på ein måte som tek omsyn til dagens behov, men ikkje øydelegg grunnlaget for framtidige generasjonar. Det inneberer å bruke ressursar på ein slik måte at ein også har ressursar i framtida og ei sosial berekraft som føreset akseptable levekår for alle.

Samhald

- Samhald og samhandling for at kommunen skal vere ein smidig og aktiv tenesteleverandør.
- Styrkje service- og tenestetilbodet i kommunen.
- Regionalt samhald og interkommunalt samarbeid vil også verte viktigare for å fremje regionen sitt tilbod.

Nyskaping

- Å vere nyskapande - «ei båtlengd føre».
- Den administrative leiinga og samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling.
- I den kommunale tenesteproduksjonen vil det å utvikle nye produkt, aktivitetar, samhandlingsmåtar og auke effektiviteten vere viktig for at kommunen skal vere attraktiv for innbyggjarar og næringslivet.

Styringsprinsipp for kommunen

Styringsprinsippa byggjer på dei overordna måla og Herøy kommune vil nytte fylgjande styringsprinsipp som rammer for korleis ein skal arbeide vidare: Samhandling, kommunikasjon, medverknad, nytenking.



- Kommunen skal vise evne til samhandling innanfor kommunestyret, på tvers av parti og vallister, i kommunen, i avdelingane og mellom avdelingane, mellom kommunen og innbyggjarane, mellom kommunen og næringslivet, mellom kommunen og nabokommunar, mellom kommunen og andre regionale styresmakter.



- Kommunen skal gjennom medverknad vere open for dialog med innbyggjarar, næringsliv, nabokommunar, regionale- og statlege instansar med mål om å kome fram til løysingar som fremjar samfunnsutvikling på lang sikt. Kommunen ynskjer å fremme ein medviten frivilligpolitikk der samspelet mellom kommunen og dei frivillige lag og organisasjonar står sentralt. Det gode liv i lokalsamfunnet vert skapt i samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane og tilførr lokalsamfunnet store verdier.



- Kommunen skal vere tydeleg i sin kommunikasjon mellom avdelingane i kommunen, ut mot innbyggjarane, næringslivet, nabokommunane og mot regionale- og statlege instansar. Kommunen ynskjer å bruke eit tydeleg og klart språk då det er ein føresetnad for samhandling og reell medverknad i utviklingsprosessar.



- Kommunen skal vere nytenkande for å fremje innovative løysingar. Kommunen må vere nyskapande og vurdere nye produkt, nye tenester, ny bruk av ressursar, nye organisasjonsformer og ny kompetanse innan sine fagfelt. Nytenking skal ikkje avgrensast til leiarane, men gjennom medverknad skal alle tilsette ha moglegheit til å fremje nye løysingar for å skape ein mest mogleg effektiv organisasjon.



Ma

A hand wearing a blue climbing glove holds a cluster of colorful climbing carabiners (red, blue, purple, gold) against a grey rock face. The carabiners are attached to a purple and green rope.

GJENNOMGÅANDE PERSPEKTIV

I planprosessen har ein kome til at det er behov for å setje ned nokre perspektiv for kommunen som skal vere gjennomgåande i satsingsområda til kommunen og all kommunal aktivitet. Dei gjennomgåande perspektiva skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og sektorane.

Folkehelseloven pålegg kommunen å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseulikskapar. Gjennom likestillings- og diskrimineringslovet er kommunen pålagt å ta omsyn til at verksemda sine alminnelege funksjonar kan bli nytta av flest mogleg, uavhengig av funksjonsnedsettelse.



Livsmeistring

Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel i befolkninga, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidingar, eller som vernar mot ytre helsetrugsar, samt arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa (Helse- og omsorgsdepartementet).

Som ei forlenging av fokus på folkehelse har omgrepet livsmeistring etablert seg som eit viktig perspektiv i fleire kommunale fagområde. Livsmeistring skal fremje god psykisk og fysisk helse og gjere at du som innbyggjar i stand til å ta ansvarlege livsval.

Å legge til rette for gode helseval med den enkelte har stor påverknad på folkehelsa. Livsmeistring handlar om å forstå og å kunne påverke faktorar som har betydning for meistring av eige liv.



Likestilling

Likestilling har tradisjonelt blitt koplå til likestilling mellom kvinner og menn, men er meir samansett enn som så og bør heller brukast som eit samleomgrep for fleire ulike forhold. Ei generell forståing av omgrepet kan vere at «likestilling betyr likeverdige menneskele-

ge utviklingsmoglegheiter for alle». Innanfor denne forståinga av likestilling hamnar derfor all forskjellsbehandling med bakgrunn i kjønn, funksjonsevne, etnisitet, religion, seksuell orientering, alder, kjønnsuttrykk, sosial bakgrunn og andre forhold.

Herøy kommune vil framleis arbeide for at likestilling er eit perspektiv som vert praktisert i all kommunal verksemd og prinsippet vil gjelde i alle saker som gjeld tilsetjing, sikring av medverknad og inkludering av særskilde grupper, utjamning av lønsforskjellar mellom kvinner og menn og kommunen vil arbeide for å skape ein kjønnsbalanse i organisasjonen samla og i dei ulike avdelingane



Berekraft

I høve FN si U4SSC-metode for analyse av berekrafta, er der ein definisjon på kva som kjenneteiknar eit berekraftig samfunn: eit innovativt samfunn som brukar informasjon, kommunikasjonsteknologi og andre verkemiddel for å forbetre livskvalitet, effektivitet i produksjon og tenesteyting og konkurransekraft – samtidig som ein tek i vare behova for noverande og framtidige generasjonar, med respekt for økonomiske, sosiale, miljømessige og kulturelle aspekt.

Gjennom å ivareta berekraftsperspektivet i den kommunale forvaltninga tek kommunen sitt ansvar for å strekke seg etter å nå FN sine berekraftsmål, som mellom anna handlar om å stimulere og bidra til reduksjon av klimagassutslepp.

FIRE SENTRALE SATSINGSOMRÅDE



Heilskapleg utvikling

KVA

Heile Herøy

- Fosnavåg skal vere eit naturleg sentrum for innbyggjarane i Herøy, med dei tilboda som innbyggjarane etterspør.

Verdiskaping

- Herøy skal vere leiande innan dei marine- og maritime næringane i landet.

Godt liv, heile livet

- Leverer gode tenester med god kvalitet til alle innbyggjarane

Naturen

- Herøy skal vere ein attraktiv turistdestinasjon

KORLEIS

- Arbeide for å auke tal innbyggjarar i Fosnavåg sentrum.
- Myrvåg skal utviklast til å vere eit supplement til Fosnavåg og dekkje basisbehovet til innbyggjarane i indre del av Herøy.
- Utvikle gode næringsareal i Myrvåg og på Mjølstadneset for å auke verdiskapinga.

- Linjer og utdanningsprogram ved Herøy vidaregåande, retta mot næringslivet og det offentlege i Herøy og deira behov for arbeidskraft, vert oppretthaldt og vidareutvikla.

- Fagmiljøa skal vere attraktive nok til å tiltrekke seg den arbeidskrafta det er behov for.
- Tal kompetansearbeidsplassar og tal høgare utdanna skal aukast.
- Kommunen skal ha god drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse.
- Kommunen vil vere innovative ved å ta i bruk ny teknologi innan helse- og omsorgssektoren og i grunnskulen.

- Satse på miljøvenleg turistretta næring for å auke verdiskapinga i kommunen.
- Det vert etablert område for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.



Heile Herøy

Fosnavåg er kommunesenteret i ein av dei største fiskeri- og offshorrekommunane i landet og skal vere det naturlege sentrum for innbyggjarar i Herøy. Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde. Og for at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengig av eit sentrum som og utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurd. Vi kan ikkje sjå på sentrumsutvikling og samfunnsutvikling som to delte satsingsområde. Utvikling er fellesnemnaren og det er to sider av same sak.

Kommunen har som målsetting at det skal vere mogleg å busette seg i alle bygdelag i kommunen. Herøy er samansett av fleire bygdelag som alle har sine kvalitetar og som ynskjer å leggje til rette for at unge skal få moglegheit til å flytte attende til heimbygda etter endt utdanning. Der det er mest busetting er i strekinga frå Frøystad til Kvalsund, altså omlandet til Bergsøya. For at Fosnavåg skal vere det kommunesenteret som innbyggjarane ynskjer, bør kommunen ha som målsetting å auke talet på busette i sentrum. Dette vil truleg føre med seg auka aktivitet i sentrum på ettermiddag- og kveldstid og auke grunnlaget for næringane i sentrum.

Byutvikling og handelsstanden spelar her ei sentral rolle i å skape aktivitet også "mellom bygga", med velferdstilbod og møtestadar i sentrum. Det vil vere viktig å ta omsyn til omgjevnadane til butikklokala når ein tenkjer byutvikling og ikkje bygger dei inne, men leggje vekt på at handelsstanden får vise sitt innhald ut mot gata.

For ei heilskapleg samfunnsutvikling vil det vere viktig for Herøy med utfyllande senter til Fosnavåg. Eggesbønes, Myklebust og Mjøl-

stadneset vil kunne utviklast som ein naturleg del av Fosnavåg by. Myrvåg bør utviklast for å kunne dekke basisbehovet til innbyggjarane i indre del av Herøy, med tilrettelegging for detaljhandel og plasskrevjande varer. Kommunen ynskjer at detaljhandel primært skal etablerast i Fosnavåg, men på grunn av mangel på tilgjengeleg areal og funksjonelle bygg ser vi ei stor utfordring når daglegvarebutikkane vert stadig meir arealkrevjande og Fosnavåg ikkje kan tilby slike område. Nasjonale føresegn for sentrumsutvikling seier at ein ikkje skal etablere detaljhandel over 3000m² utanfor sentrum og det same seier den regionale delplan for kjøpesenter.

Kommunen meiner vi må sjå på kva fysiske omgjevnadar som dannar sentrum og ta avgjersler lokalt ut frå desse tilhøva. Kommunen støttar prinsippet om at detaljhandel som skaper sentrumsaktivitet skal leggjast til sentrum, men den samla arealbruken i sentrum og tilgjengeleg.

Verdiskaping

Næringslivet er skildra som sterkt, solid og internasjonalt orientert. Med fleire vitale og vekstkraftige forretningsmiljø knytt til marin og maritim næring skjer det innovasjon inn mot utvikling av grønne næringar og arbeidsplassar. Slik næringslivet utviklar seg vil det vere behov for fleire landbaserte jobbar i dei ulike bedriftene både innanfor dei tradisjonelle STEM-faga (Science, Technology, Engineering and Mathematics) og innanfor administrasjon og leiing.

Herøy kommune er saman med 11 andre kommunar på Sunnmøre ein del av ei samanhengande kjede av maritim verksemd som vert kalla Maritimt Møre. Kommunane som er ein del av Maritimt Møre er Vestnes, Haram, Sula, Giske, Ålesund, Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein,

Herøy, Sande og Vanylven. Det er her den maritime klynga har sitt tyngdepunkt. Den maritime klynga på Sunnmøre har eit breitt samansett næringsliv med ulike typar kundar og næringsorientering som nyt godt av samspeleffektar, utnytting av stordriftsfordelar, ein god ressursbase i ein godt utvikla arbeidsmarknad. Dette er med å gjere den maritime klynga til ei sterk og robust klynge med gunstig samlokalisering og evne til å rekruttere kompetent arbeidskraft.

I Herøy har Herøy Næringsforum vore ein aktiv pådrivar for prosjekt og tiltak som vil gje positive ringverknadar i lokalsamfunnet på lang sikt. Bakgrunnen for at næringslivet bidreg i så stor grad i samfunnsutviklinga er eit ynskje om å styrke humankapitalen i kommunen og at næringslivet kan få tak på den kompetansen dei treng. Regional differensiert arbeidsgjevaravgift (RDA) har vore eit viktig og målretta distriktpolitisk verkemiddel som Herøy har nytt godt av. Gode dømer på slike prosjekt er Sunnmørsbadet, konsertsal, kino og nytt hotell som stod klare i 2014. Næringslivet har såleis gjort store grep som har ført til fleire tilbod til innbyggjarane i Herøy. RDA-ordninga er no utvikla og kommunen må i større grad søke samarbeid og tilskot frå andre instansar for å kunne realisere ynskja, store tilretteleggjande tiltak for samfunnsutvikling.

Godt liv, heile livet

Utviklinga av alderssamansetninga er avgjerande for kvar kommunen har dei største utgiftsbehova. Tendensane i distriktet er tydelege, vi blir fleire eldre og færre yngre. Det har stor betydning for kva tenester kommunen må levere mest av. Færre barn og unge betyr færre elevar og mindre ressursar til skule, fleire eldre betyr større behov for ulike helsetenester. Helse- og omsorgssektoren står over for store

oppgåver i framtida då det stadig vert fleire eldre over 80 år som har behov for pleie- og omsorgstenester. Når alderssamansetninga i kommunen blir endra og kompleksiteten i oppgåveløysinga vil auke, må det i større grad utviklast tenester som støttar opp under førebygging, tidleg innsats og rehabilitering. I tillegg vil samhandlingsreforma, den generelle samfunnsutviklinga og den medisinske utviklinga gi kommunen nye oppgåver også for yngre aldersgrupper. Kommunen må planlegge for ein kapasitetsauke både når det gjeld personell og bygningsmessige ressursar.

Herøy kommune ynskjer å vere i forkant av samfunnsutviklinga innan helse og omsorg, å vere oppdatert på fag og ha tilgang på moderne hjelpemiddel. Samhandling både mellom avdelingar og interkommunale prosjekt er sentralt for å finne felles løysingar i og mellom kommunane. Kommunen og nasjonen sett under eitt har utfordringar knytt til rekruttering av helsepersonell, og i Herøy arbeidar kommunen for å rekruttere, behalde og utvikle den naudsynte kompetansen. Vi må også vurdere bruk av ny kompetanse. Samarbeidet med utdanningssystemet Herøy vidaregåande skule vil spele ei stadig viktigare rolle for å få tilgjengeleg og kvalifisert kompetanse lokalt. Kommunen bør utvikle det allereie etablerte samarbeidet med høgskular/universitet som Høgskulen i Volda og NTNU i Ålesund.

Naturgjevne fortrinn

Kommunen har svært mange område som fell inn under definisjonen «strandsonen». Herøy er ein kommune med ei sterk maritim historie og dette medfører mange område med sterke nausttradisjonar i dei ulike bygdene. Kommunen ser likevel at bruken av nausta har endra seg frå den tradisjonelle bruken med oppbevaring av båt, fiskevegn og anna fiskerelatert ut-

styr til opphald og overnatting. Bruken har endra seg i retning av at naustet i dag er ein stad der ein kan tilbringe fritid og feriar. Kommunen ynskjer å hindre i «bit-for-bit»-nedbygging av strandsona til ulike føremål gjennom å sette av areal til naust, fritidsbustadar og næring der det allereie er etablert denne type tiltak.

Sjøbuer har i lange tider vore eit utbreitt innslag langs kysten på Vestlandet som har vore brukt både ved lossing av fisk og bøting av garn og fiskevegn. Denne bruk av sjøbuer er ikkje lenger aktuell, då fiskebåtar i dag lossar ved større fiskemottak og får garn og fiskevegn ved eigne notbøteri. Kommunen har derfor fleire område med gamle sjøbuer som står til forfall der ein må finne ein ny bruk for desse. Slik kan vi halde på dei unike sjøbumiljøa som representerer historia til Herøy.

Runde er den mest kjende staden i kommunen i turistsamanheng og kommunen legg til rette for at det kan etablerast turistretta næringsverksemd i tilknytning til "Fuglefjellet". Som tilreisande til Runde er det ikkje naudsynt å køyre via kommunesenteret Fosnavåg. Hadde denne turiststraumen også reist innom Fosnavåg sentrum vil ein i større grad kunne utvikle reiselivsaktørar og sentrumsaktivitet, som igjen ville auka verdiskapinga i sentrum. Dersom det vart lagt til rette for meir turistretta verksemd i Fosnavåg kunne det ført til positive ringverknadar som auka omsetting og vidare auke eksistensgrunnlaget til bedriftene i sentrum.

Det er kystkulturen som har bygd Herøy. Historisk sett har marginale forhold på øyane stimulert evne til å tilpasse seg og bruke dei naturgjevne ressursane optimalt. Ressursane frå havet har danna næringsgrunnlaget gjennom generasjonar, gjennom heile forsyningskjeda, til det leiande marine- og maritime næringslivet vi ser i dag.

Herøy kommune ynskjer ei tydeleg satsing på kultur- og reiselivsnæringa. Kultur- og reiselivsnæringa er eit næringsområde med stort potensiale, og utviklinga viser at Herøy sakkar akterut på dette området. Herøy vil derfor satse på ei utvikling som omfattar både det innhaldet og det kulturelle aspektet ved desse næringane. Kulturhuset i Herøy vil spele ei viktig rolle for mellom anna kulturskulen, biblioteket, lag og organisasjonar og frivilligheita.

Tryggleik og beredskap

Herøy skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar gjennom utarbeiding av overordna risiko- og sårbarheitsanalyser, beredskapsplanar og kriseplanar. Kommunen vil også ved detaljreguleringar vurdere potensiell fare gjennom konsekvensutgreiing eller risiko- og sårbarheitsanalyser.

Inkluderande lokalsamfunn

KVA

Bu

- Kommunen skal leggje til rette for bustadutvikling som byggjer opp under ei samordna areal- og transportutvikling

Inkludering

- Herøy skal vere eit levande lokalsamfunn
- Herøysamfunnet sine kjenneteikn skal vere open, raust og tolmod med sine medmenneske.

KORLEIS

- Alle bygdelag i Herøy kommune skal ha tilgjengelege attraktive bustadområde.
- Fremje arbeids-, bu- og serviceregionen med fokus på den arbeidsmarknaden som er tilgjengeleg.

- Førebygge utanforskap i lokalsamfunna.
- Integrere arbeidsinnvandrarar og flyktningar til å vere ein del av Herøy-samfunnet.
- Herøy folkebibliotek skal vidareutviklast til å verte ein møtestad og sosial arena.
- For at minoritetsspråklege betre skal inkludrast i samfunnet, ynskjer ein å tilby ei god norskopplæringa i gode lokale.
- Tilby ei vaksenopplæring som er gratis også for arbeidsinnvandrarar.
- Auke kunnskapen knytt til andre kulturar og arbeidsinnvandring.



Herøy har, pr. 1.1.2021, 8 857 innbyggjarar. Etter nokre år med jamn auke har folketallet stabilisert seg eller vorte marginalt redusert dei siste åra. SSB si forventa folketalsutvikling syner ein nedgang til 8 815 i 2030 og 8 792 i 2050.

Folketalsveksten Herøy opplevde i ein periode var i stor grad knytt til utanlandsk innvandring. Utan innvandring ville Herøy hatt folketalsnedgang. Vi må ta omsyn til at Herøysamfunnet vert stadig meir multikulturelt og vi har innbyggjarar med andre tradisjonar og vanar enn dei som er etnisk norske. Per 01.01.2021 var det totalt 1 262 registrerte innvandrarar i Herøy, noko som utgjer litt over 14 % av befolkninga. Herøy kommune har mest innvandring frå Litauen og Polen.

At det finst arbeidsplassar legg grunnlaget for folketalsutviklinga, og i 2020 hadde Herøy ein svak nedgang i sysselsettinga. Få kommunar har over 100 % arbeidsplassdekning, og i Herøy er det 95 – 100 % arbeidsplassar i forhold til arbeidstakarar. Mange pendlar til Ulstein, men det er også mange som pendlar inn frå Ulstein, Sande og Hareid. Næringsstrukturen syner tydeleg aktivitet innan service- og sekundærnæringar. Det er svært tydeleg at desse næringane er mannsdominerte medan helse- og omsorgstenester vert levert av kvinner.

Rekruttering er viktig både for det private næringslivet, kommunen som organisasjon og kommunen som lokalsamfunn. Det vil vere viktig å sjå rekruttering som eit verkty som kan skape meir busetting i kommunen. For at kommunen skal vere attraktiv for tilflytting er det fleire faktorar som må vere på plass der tilgang til attraktive jobbar og tilgang til tomter er dei viktigaste føresetnadane for tilflytting og busetting. Andre faktorar som vil vere med å bidra til å

etablere Herøy som ei attraktiv kommune er ein tilgjengeleg bustadmarknad, barnehage- og skuletilbod og kommunen sine samband til nabokommunar og større byar.

Herøy kommune har færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning samanlikna med fylket og landet. Dette er ei utfordring når både det offentlege og det private næringslivet etterspør formal kompetanse til sine stillingar. Nye arbeidsplassar vil, uansett kvar dei er lokalisert, krevje ein viss kompetanse.

Herøy har eitt aktivt bibliotek. Det er organisert samarbeid mellom skulebibliotek og folkebiblioteket der ein får god kontakt med barn og unge. Biblioteket er oppteken av å utvikle seg som møtestad og sosial arena der ein legg til rette for lesing og kunnskap. Biblioteket si frie rolle til kultur- og kunnskapsformidlar dannar grunnlaget for mangfald, inkludering og integrering.

Aktive lokalsamfunn og eit attraktivt sentrum er ein føresetnad for å leve eit sosialt og aktivt liv. Herøysamfunnet består ikkje berre av innbyggjarar som er «født og vakse opp» her eller som er innvandrarar. Med aukande mobilitet i samfunnet generelt betyr det at der også vil vere innbyggjarar som har eit mindre sosialt nettverk. Dette vil også kommunen møte i ressursbehovet ovanfor eit auka tal eldre. Eit samarbeid mellom kommunen og frivillige vil vere naudsynt for å førebygge einsemd.

Mangfaldige aktivitetar frå lag og organisasjonar gjer det mogleg å finne ein plass å høyre til. Lag og organisasjonar sin innsats bidreg til både å bygge inkluderande lokalsamfunn og skape identitet.

Herøy kommune ynskjer å vere ei føregangskommune som er kjend for inkludering og for å ta vare på innbyggjarane sine.

Oppvekst og identitet

KVA

Oppvekst

- Barn og unge skal ha ein trygg og god oppvekst.
- Kommunen skal sikre gode oppvekstvilkår med fem haldepunkt: tryggleik, mangfald, kvalitet, førebygging, kompetanse.
- Herøy kommune skal ha full barnehagedekning.
- Herøy-skulen skal utdanne heile menneske.
- I Herøy kommune skal skulane oppfylle krava til fysisk utforming i forskrift om miljøretta helsevern.

Identitet

- Herøy skal vere attraktivt for tilflyttarar og for nyeetableringar.
- Å styrke kjensla av å høyre til.

KORLEIS

- Samarbeid mellom barnehage og skule skal inkludere tilflyttarane sine barn på ein god måte.
- God dekning av helsetenester for barn og unge.
- Tidleg innsats for barn og unge, gjennom tverrfagleg samhandling.
- Herøyskulen skal ha fokus på danning og utdanning, sosial og fagleg utvikling.
- Auke og vidareutvikle kompetansen til dei tilsette. Utdanningstilbodet skal ha kvalitet i alle ledd.
- Barnehage og skule skal bidra til at barn og unge får tileigne seg nødvendig kompetanse med tanke på vidare utdanning og arbeid.
- Barnehagen skal vere den beste staden å vere og lære. I Herøy kommune skal barnehagane oppfylle krava til fysisk utforming i forskrift om miljøretta helsevern.
- Ei langsiktig satsing på ungdommen som framtidig arbeidskraft og kompetanse.
- Barnehage og skule skal i samarbeid med lokalsamfunnet bidra til å skape identitet som gjer at dei unge finn sin plass i heime-regionen.



Identitetsgrunnlaget

Ein god oppvekst aukar sjansen for tilbakeflytting. Difor er barn og unge sine innspel og moglegheit for medverknad i prosessar som angår dei grunnleggjande for den langsiktige utviklinga av Herøy-samfunnet. Særleg ved krav til fysisk utforming av oppvekstmiljø og oppvekstvilkår.

Gjennom kommunen si deltaking i barn og unge sin oppvekst, vil vi auke kunnskapen om kultur og næringsliv lokalt. Slik kan vi styrke identitetskjensla til barn og unge i Herøy, bidra til at dei set røtene sine i Herøy og vil orientere seg tilbake når dei er i ei etableringsfase seinare i livet.

Herøy gard og Kystmuseet sitt samarbeid med skulane er ein viktig arena for kunnskapsformidling om lokal historie. Historia fordel noko om kvifor Herøysamfunnet er slik det er og kvar vi skal utvikle oss. I 2020/2021 vart det gjennomført ein prosess for ivaretaking av kommunen sitt eigarskap til Herøy gard, og ein eigen utviklingsplan legg grunnlaget for ei heilskapleg utvikling av området.

I satsingsområde «heilskaplege utvikling» vert det gjort greie for næringsretta verdiskaping. Denne verdiskapinga har også ein gjenklang i lokalmiljøa, gjennom aktiviteten i lag og organisasjonar. Innhaldet både i dei store felles kulturarenaane som kulturhuset og konsertsalen, i dei dedikerte interesseorganisasjonane og i dei lokale romma i bygdene representerer ei stor breidde i kulturlivet.

Kulturskulen i Herøy står sterkt. I 2020 var 27,5 % av elevane deltakarar i kulturskulen, for kommunar med tilsvarande drifts- og rammevilkår er deltakinga på 13,9 %. At kulturelle aktivite-

tar utgjer ein så pass aktiv del av oppveksten til mange av barn og unge i Herøy, ber von om også aktiv deltaking i lokalmiljøa i vaksen alder. Bidraget frå frivillige lag og organisasjonar utgjer livsnerven i bumiljøa og bidreg til det «å høyre til.»

Oppvekst

Nerlandsøy, Einedalen, Leikanger, Moltu og Bergsøy skular har 1. -7. trinn. Stokksund skule har 1. - 10. trinn, og Ytre Herøy ungdomsskule og dekker 8. - 10. trinn for den delen av Herøy som er ut om Herøybrua. I tillegg er der ein friskule, Møre barne- og ungdomsskule. I Herøy er det totalt 10 barnehagar der fire av desse er kommunale.

Herøy kommune har ei målsetting om at det skal vere kvalitet i barnehagen og at foreldre og born vert møtt på ein slik måte at dei opplever barnehagen som den beste plassen å vere og beste plassen å lære. Brukarundersøkingane viser at brukarane opplever god kvalitet i barnehagen. Men for at kommunen på lengre sikt skal oppretthalde denne kvaliteten, er vi avhengig av å rekruttere personar med barnehagelærarutdanning i alle dei pedagogiske stillingane samt å vidareutvikle den kompetansen dei tilsette har i dag.

Herøy kommune har utfordringar knytt til fysisk skulemiljø for inn klima og universell utforming. Fleire av skulane i Herøy har manglar og vil krevje langsiktige investeringar for å nå krava i Forskrift om miljøretta helsevern. Stadig fleire minoritetsspråklege elevar krev store ressursar for å imøtekomme behovet for tilrettelagd norskopplæring. Dette igjen gir konsekvensar for integrering og inkludering i samfunnet. Herøy kommune vil betre oppvekstvilkåra til barn og unge både gjennom kvalitet i barnehagen og skulen. Dette vil medføre oppgrade-

Infrastruktur

ring av skulebygg og styrking av barnehagar.

KVA

Samferdsle

- Betra kommunikasjonsaksar i kommunen
- Bedra kommunikasjonsaksar mot nabokommunane.
- Samordna areal- og transportplanlegging bidreg til fortetting og ei utvikling som styrkar kollektivtrafikken.

KORLEIS

- Arbeide for trygge farleier med gode hamner.
- Arbeide for framtidretta kryssingar av fjordane.
- Vegstandarden i kommunen skal vere god.
- Samarbeide med nabokommunane om felles prosjekt som fremjar kommunikasjonen mellom kommunane.
- Arbeide for ei realisering av ein ferjefri kyststamveg.
- Bustadar, skular, trafikkgenererande næring vert etablert i tilknytning til eksisterande kollektivtrasear i kommunen.
- Kommunen skal ha trygge vegsamband på land og farleier til sjøs.
- Det skal etablerast gangstiar som fremjar folkehelsa.

Offentleg infrastruktur

- Avlaupssektoren skal, med utgangspunkt i EU sitt vassdirektiv, ha eit mål om god miljøtilstand i alle bekkar, innsjøar, hav og myr som tek i mot utslepp av forureining.
- Herøy kommune skal ha nok og godt vatn, gjennom ei sikker forsyning, innanfor økonomisk forsvarlege rammer og med optimal bruk av vassressursane.
- Kommunen skal ha offentlig avlaupsnett knytt til dei større bustadsentera.
- Kommunen skal ha ein oppdatert avlaupsplan og kontinuerleg utbygging av avlaupsnettet i kommunen.



Med infrastruktur meiner vi strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere, som til dømes vegsystem til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele-/fibernet. Sosial infrastruktur fell ikkje inn under vår bruk av omgrepet.

Samferdsel

For eit lokalsamfunn som Herøy er den daglege mobiliteten strategisk viktig for dei busette i kommunen. Korleis vi reiser inn og ut av kommunen og i regionen, bør samsvare med korleis behova våre utfyller kvarandre. Sagt på ein annan måte så bør vi styrkje kommunikasjonen mellom dei kommunane som utfyller kvarandre best og gjere det lettare å pendle mellom kommunane. Herøy kommune støttar arbeidet med Kyststamvegen og ein ferjefri E39 og meiner dette blant anna vil utvide regionale arbeidsmarknadar og vidareutviklar ein robust region med eit næringsliv i verdsklassa.

Gode vegsamband i kommunen, mellom kommunane og i regionane vil vere med på å skape ein meir attraktiv arbeid-, bu- og serviceregion på Søre Sunnmøre. Herøy kommune ser derfor nytta av å samarbeide i kommunale og interkommunale prosjekt for å fremje vegsamband som vil betre kommunikasjonen i kommunen og i regionen.

Herøy er utfordra når det gjeld kollektivtransporten i kommunen. Kollektivtransporten er avgjerande for busetnad og reisande som ikkje har andre tilbod. Vi må gjere kollektivløysingane så attraktive og tilgjengelege at fleire vel kollektive løysingar då dette er eit miljøvenleg og framtidretta alternativ. Med dette som bakgrunn må derfor kommunen søkje å leggje til rette for bustadar i nærleiken til fylkesveggar

og kommunale vegar for å støtte grunnlaget for kollektivtrafikk i kommunen.

Herøy er ein langstrakt kommune med fleire øyar som er knytt saman med bruer. Fleire av bruene i kommunen er gamle og byr på utfordringar med dagens trafikksituasjon. Kommunen må arbeide for at regionale myndigheiter startar regulering og utbygging for å ruste opp dei bruene som er i dårlegast stand og som utgjør flaskehalsar for trafikke. Kommunen må ha ein aktiv dialog med vegeigar for best mogleg forvaltning av vegnettet, då særleg fylkesvega. Kommunen har saman med Fylkeskommunen og Statens vegvesen ansvar for å planlegge gode og trygge gangvegsamband i kommunen og særleg i tilknytning til skulane. Kommunen vil sette fokus på trygge gang- og sykkelveggar, særleg mot skulane, i komande planperiode.

Kommunen har hurtigrutekai og dette er eit viktig knutepunkt både for turistar og andre reisande. Hurtigruta kan vere ein god alternativ reisemåte for utflytta herøyværingar som bur i Bergen og Trondheim og det vil vere viktig for kommunen å halde på og utvikle den attraksjonen som Hurtigruta er i dag.

Offentleg infrastruktur

God offentlig infrastruktur er avgjerande for nærings- og bustadutvikling.

Herøy kommune skal difor aktivt arbeide for gode tenester innan vatn, avlaup og renovasjon - gjennom tenesteleveranse i eigen organisasjon, gjennom samarbeid med private eller interkommunale samarbeid.

Også høghastigheits internett er å rekne som ein kritisk infrastruktur, kommunen vil difor vere ein aktiv tilretteleggar for full utbygging til næringsliv og private husstandar.

Vegen vidare, frå tekst til handling

I denne planen fokuserer vi på dei overordna målsettingane for kommunen og dei strategiske vegvala vi gjer for dei kommande åra.

Målsettingane i kommuneplanen sin samfunnsdel skal speglast i kommuneplanen sin arealdel og gjennom kommuneplanen sin handlingsdel. Vidare skal handlingsdelen konkretiserast gjennom kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett. Intensjonen bak denne prosessen er at mål og tiltak som vert gjennomført årleg i dei ulike avdelingane i kommunen er ein del av ein «raud tråd» som er med på å styre oss i retning av dei målsettingane som står i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det øvste leiande dokumentet for kommunen og er førande for kva kommunen vil satse på i planperioden. Samfunnsdelen er gjeldande fram til 2030, men skal takast opp til drøfting og det skal vurderast om planen i sin heilskap eller delar skal reviderast kvart fjerde år gjennom arbeidet med revideringa av planstrategi for Herøy kommune. Handlingsdelen er den kortsiktige delen av kommuneplanen og skal innehalde tiltak for dei neste fire åra. Målsettingar, strategiar og tiltak i kommuneplanen sin samfunnsdel skal vidareførast i kommunedelplanar, temaplanar og verksemdsplanar i dei ulike sektorane. Alle avdelinga som vert involvert i målsettingar, strategiar eller tiltak i kommuneplanen skal rapportere gjennom årsrapportane korleis ein har arbeidd for å nå dei ulike punkta eventuelt om det har kome inn andre prosjekt som har blitt prioritert.

Ved utarbeiding av planstrategi for perioden 2024-2028 bør ein vurdere å kombinere planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel for ei meir heilskapleg oppdatering av kommunen sine plan- og styringsdokument.

